

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 01.06.2023

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Areal for Sjukehusapoteket i Bergen**

ARKIVSAK: 2022/704
STYRESAK: 22/23

STYREMØTE: **08.06.2023**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek sak om areal for Sjukehusapoteket i Bergen til vitande.

Oppsummering

Arbeid med forprosjektet *Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen*, som starta i juni 2021, var for å sikre kartlegging og prioritering av endringsbehov ved Sjukehusapoteket i Bergen, og legge til rette for operasjonalisering av desse gjennom eit prosjekt for bygg, teknologi/system og organisasjonsutvikling.

Arbeid saman med huseigar (Helse Bergen) for å identifisere areal har så langt ikkje leia fram til ei god nok løysing for heilskapleg planlegging av framtidig apotek. Det har difor vore naudsynt for prosjektet å gjere nye vurderingar knytt til prioritering og framdrift.

Som del av arbeidet vil framtid for apoteket sine nasjonale produksjonstenester bli vurdert. Dette gjeld produksjon av salver/krem, sterile lagerpreparat og sterile magistrelle legemiddel. Tilsetningsproduksjon og cytostatika skal produserast lokalt i nytt apotek. Prosjektet planlegg å ferdigstille sitt arbeid innan utgangen av juni 2023.

Fakta

Arbeid med forprosjektet *Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen* starta i juni 2021. Føremålet med arbeidet var å sikre kartlegging og prioritering av endringsbehov ved Sjukehusapoteket i Bergen (SiB), og leggje til rette for operasjonalisering av desse gjennom eit prosjekt som femner om bygg, teknologi/system og organisasjonsutvikling.

Tilgjenge på eigna areal er nøkkelfaktor for å kunne starte arbeid med å utvikle apoteket. Arbeid, saman med huseigar, for å identifisere areal har så langt ikkje leia fram til ei god nok løysing for heilskapleg planlegging av framtidig apotek. Vurdering av noverande lokaler, tilsyn frå SLV og dialog med Sykehusapoteket Midt om deira arbeid med nytt Sjukehusapotek i Trondheim, har leia fram til ei erkjenning av at det er behov for å greie ut eit heilt nytt apotek i Bergen (med unntak for publikumsdelen).

Føretaket sin økonomiske langtidsplan (ØLP) syner at det er ein stram prioriteringssituasjon for ulike tiltak, der både investeringar til nye apotek i Stavanger, Førde og eindoseanlegg er bundne av vedtak i HFa og RHFet. Det blir viktig å få på plass ei utgreiing der vurdering av ulike faktorer som dimensjonering og framtidig funksjon og rolle for apoteket i nasjonal legemiddelberedskap utgjer viktige avklaringar. I tillegg er det nødvendig å finne løysingar på finansiering.

Førebels tidslinje tilseier at det, med rask avklaring av tilgang på areal utanfor noverande apotek og nødvendig finansiering, kan vere mogleg å flytte inn i nye lokaler tidlegast frå ultimo 2026, men og at det er stor usikkerheit og fleire avhengigheter knytt til dette. Det vil parallellt med arbeid med nye areal vere behov for å vurdere og følgje opp tiltak i noverande lokaler for å sikre forsvarleg drift.

Bakgrunn

Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen er tidlegare handsama i SAV sitt styre på ulike tidspunkt (saksnr/år):

- 13/21 AD-orientering *Utviklingsplan Sjukehusapoteket i Bergen*,
- 17/22 Økonomisk langtidsplan 2023-27

- 31/22 Økonomisk langtidsplan 2023-27 – oppfølging og konsekvensvurdering.
- 11/23 Areal for Sjukehusapoteket i Bergen

Kortversjon av ferdigstilt utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen blei lagt som skriv/meldingar til styremøte 08.06.22.

Saka heng og saman med styresak 23/23 om pakkeanlegg for eindose i Helse Vest og sak 26/23 Økonomisk langtidsplan SAV 2024-28.

Historikk

Arbeid med forprosjektet Utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen starta i juni 2021. Føremålet med arbeidet var å sikre kartlegging og prioritering av endringsbehov ved Sjukehusapoteket i Bergen, og legge til rette for operasjonalisering av desse gjennom eit prosjekt for bygg, teknologi/system og organisasjonsutvikling.

Viktigaste funn i arbeid med utviklingsplanen var:

- Behov for utviding og oppgradering av produksjonslaboratoriar, støtteareal og utstyr.
- Tilrettelegging for robotisering av produksjonsprosessar (Cytostatika)
- Utviding av væskelager
- Tilpassing av sjukehusekspedisjon til framtidige behov
- Forbetre og utvide areal for kontor, møterom, garderobar og toalett


Oppfølging av utviklingsplan

Arbeid saman med huseigar for å identifisere areal har så langt ikkje leia fram til ei god nok løysing for heilskapleg planlegging av framtidig apotek. Det har difor vore naudsynt for prosjektet å gjere nye vurderingar knytt til prioritering og framdrift. Resultat etter tilsyn frå Statens Legemiddelverk 20.-21.2.23 forsterkar bilete av behov for tiltak. Fleire observasjonar peikar på tilstand av lokaler og utstyr og mogleg risiko for kvalitet som resultat.

Arbeidstilsynet hadde tilsyn med befaring i apoteket 21.3.23. Rapporten frå tilsynet er ikkje ferdig per 30.5.23, men inntrykk frå gjennomgangen er at arbeidstilhøve og fysiske omgjevnader for medarbeidarar i apoteket vil vere del av funn.

Nye forhold

I kjølvatnet av tilsyn frå SLV og avklaring av plassering av eindoseanlegg i Haugesund er det no starta arbeid med å vidareutvikle analyse og vurdering av modell for framtidig SiB basert på utviklingsplan og risikovurderingar. Føremål med arbeidet er å gjennomføre ein moglegheitsstudie for nytt SiB (med unntak for publikumsdelen). Dette inkluderer mellom anna analyse av omfang av varesal og tenester, grunnlag for framtidig steril lagerhaldsproduksjon, dialog med eigar, finansieringsmodell, plassering av apotek og tilråding. Aktivitetar og tidslinje er vist i **figur 1** under. Sjå elles vedlegg 1 for prosjektdirektiv. Arbeidet vil danne grunnlag for eit seinare hovudprosjekt.



Figur 1: Aktiviteter og tidsline for vurdering av modell for framtidig SiB

Framdrift

Prosjektet er leia av ekstern ressurs og har deltaking frå SiB, Føretaksadministrasjonen og Sjukehusapoteket i Stavanger (SiS). Tillitsvalt og verneombod deltek også.

Arbeidet med framskrivingar har starta og det er og planlagt dialog med kunde om framtidig behov. SAV har fått innsyn i framskrivingar som Sykehusapotekene HF gjer innan tilsetjingssområdet. Prosjektet har hatt møte med Sykehusapotek Midt-Norge HF, som planlegg nytt apotek i leigde lokale like utanfor sjukehuset i Trondheim.

Som del av arbeidet vil framtida for apoteket sine nasjonale produksjonstenester bli vurdert. Dette gjeld produksjon av salver/krem, sterile lagerpreparat og sterile magistrelle legemiddel. Tilsetningsproduksjon og cytostatika skal produserast lokalt i nytt apotek. Prosjektet planlegg å ferdigstille sitt arbeid innan utgangen av juni 2023.

Førebels tidsline for framdrift

Basert på dei ulike faktorane som verkar inn på oppfølging av arbeidet med utviklingsplan for Sjukehusapoteket i Bergen, har SAV så langt indikert ein førebels framdriftsplan til SLV etter tilsynet (**tabell 1**). Det er stor usikkerheit om tidfesting av dei ulike elementa.

Det vil i tillegg vere kontinuerleg behov for å vurdere kva tiltak som er naudsynt for å sikre drift i noverande lokaler fram til nye/oppgraderte lokaler kan bli tatt i bruk. Dette fordrar dialog med styre, eigar og tilsynsmyndigheit om moglege modellar, retning på arbeid og det må fattast naudsynte avgjerdsler.

Månad.år	Tiltak	Kommentar
Mogelegheitsstudie		
05.2023	Dialog med SAMN om modell og arbeid med nytt sjukehusapotek i Trondheim	Kjem i tillegg til tidlegare besøk ved sjukehusapotek i Oslo og København.
05.2023	Oppstart arbeid med risikoanalyse og utgreiing av modell for framtidig sjukehusapotek	Underlag for vidare planlegging
12.2023	Vurdere aktuelle løysingar for framtidige areal	Identifisere og vurdere aktuelle areal og løysingar i samarbeid med sjukehusføretaket
12.2023	Avklaring av modell for finansiering	
Skisse- og forprosjekt		
Q1-Q2.2024	Utforming, innhald, og planlegging av byggefase	Detaljplanlegging, utarbeiding av brukarspesifikasjon mv
Byggjefase		
2024-26	Byggearbeid	
Ultimo 2026- medio 27	Innflytting	

Tabell 1: Førebels tidsline for framdrift

Kommentarar

Det er identifisert eit stort behov for oppgradering og tilpassing av apotekareal knytt til krav og auka leveransevolum. Ut frå tilstand på noverande lokaler har arbeidet høg hastegrad og ber i seg to ulike dimensjonar:

- Del 1: Tiltak for å sikre drift i noverande lokaler i gjenverande driftstid
- Del 2: Arbeid med planlegging, utvikling og bygging av nye lokaler

I **del 1** ligg det å gjennomføra naudsynte tiltak som enkel tilpassing av noverande lokaler, vedlikehald og utskifting av utstyr for å sikre tryggleik for kvalitet på vare- og tenesteleveranser, sikre godt fysisk arbeidsmiljø og lukking av observasjonar frå tilsyn.

Her ligg det og korleis apoteket skal utnytte tilgjengelege areal på plan 1 som har vore vurdert for bruk til eindose. Desse areala kan gje handlingsrom for å etablere til dømes mellombels lokaler med kontor og møterom for å frigjere areal til driftsavdelingane og betre tilgang på skjerma arbeidsplasser.

I **del 2** ligg alt som elles er omtala i dette dokumentet, og som gjeld utvikling av eit nytt sjukehusapotek.

Utforming og storleik av noverande apotekareal tilseier at ombygging parallellt med drift er krevjande. Samstundes viser arbeid så langt at moglegheit av framtidig utvikling

av aktivitet innafor rammer i dagens lokaler er avgrensa, og i tillegg at infrastruktur i bygget er prega av alder og slitasje.

Etter modell frå Sjukehusapoteket i Trondheim vil vi utforska moglegheit for etablering av nytt apotek utanfor dagens lokaler. Dette føreset tett dialog med ulike interessepartar og avklaring av ei rekke spørsmål. Sjå **tabell 2**.

Interessepart	Sentrale spørsmål (stikkord)
Eigar og styre	Finansiering og modell
Hovedkunde og huseigar	Framtidig behov, finansiering og lokalisering (tilgjenge på interne/eksterne areal)
Tilsynsmyndigheter	Regulatoriske spørsmål og venta utvikling av rammeverk
Medarbeidarar	Framtidig utforming og arbeidsprosessar
Helsedirektoratet	Beredskapsproduksjon

Tabell 2: Sentrale interessepartar og avklaringar

Arbeid med utvikling av dei ulike funksjonane i apoteket heng tett saman grunna vekselverknad mellom ulike avdelingar og med hovudkunde. Desse koplingane krev etter vår vurdering heilskapleg og samordna planlegging for å leggje til rette for eit best mogleg resultat.

Produksjonsfasilitetar for steril lagerproduksjon ved SiB er eit av to anlegg av denne typen ved sjukehusapotek i Noreg, og såleis del av nasjonal legemiddelberedskap. Avgjerd om eventuell vidare investering i og drift av dette anlegget må byggje på grundige vurderingar og må, etter administrasjonen sitt syn, løftast til regionalt nivå for eventuell prioritering av investeringsmidlar.

Konklusjon

Det er eit krevjande og omfattande arbeide vi er inne i. Ivaretaking av kvalitet og fysisk arbeidsmiljø har førsteprioritet. Gode løysingar må avklarast og skapast i samhandling mellom dei ulike aktørane. SAV sitt styre må få oppdaterte og gode avgjerdsleunderlag på prioriterte investeringsbehov ved SiB, naudsynte utbetringar, samt framtidig funksjon og rolle for apoteket i nasjonal legemiddelberedskap.

Vedlegg:

1. Prosjektdirektiv: Nye lokaler for Sjukehusapoteket i Bergen